



Knut Petter Hagen Thorsen med laksen på 6,5 kilo som han tok for stutt tid sidan.

**I førre veka hadde vi på denne sida ein reportasje som den ivrige fiskaren Knut Petter Hagen Thorsen på Stord hadde sendt oss etter ein suksess-tur langs Uskedalselva.**

**No har han lagt ut ein utvida versjon av reportasjen på den populære nettsida fiskersiden.no og responsen er stor frå ivrige fiskarar.**

I reportasjen skriv Hagen Thorsen mellom anna at elveeigarlaget er svært aktivt. Dei siste åra har dei laga terskler og ordna til i den nederste delen av elva for flugefiske.

Ei smoltteljing i vår viste 600 smolt hvor 40 prosent var laksesmolt.

Det er eit utstrakt samarbeidd med fiskebilogar frå Universitetet i Bergen. Mellom anna har dei sett ut eit kamera i nederste delen for teljing, skriv fiskaren.

Han slår fast at dei første tre kilometrane av elva er fine for flugefiske og at kalkdoseraren i Børsdalen er årsaken til at det no går meir laks på elva. Gyttefjngar i dei seinare åra har også bekrefta dette.

Lenger oppe snevrrar elva seg noko inn og her er det fleire spanande kulpar: Bjørkehølen, Gravehølen, Vetlefossen og fleire.

Hagen Thorsen peikar på at elva treng vatn men minnar om at øverste del ligg rett ved sida av det mest nedbørrike området i landet. Så her kan det fort koma mykje vatn!

Hagen Thorsen skriv at ein som verkeleg har stått på er Arne Terje Haugland. Han er født og oppvaksen nær elva og har ein enorm kunnskap om ho. Han veit kor fisken står for å kvila seg og tek omsyn til dette ved kanthogst og rydding.

Hagen Thorsen anbefalar i artikkelen Uskedalselva på det sterkaste med desse stikkorda: Fin natur og hyggelege menneskje. Lett tilgjengeleg.

Fleire andre fiskarar har kommentert den rikt illustrerte artikkelen og gratulert med laksefangsten hans her.

Ein skriv 'fint å se elver i rett utvikling'.

Ein annan skriv 'lekker elv og fin fisk' og ein tredje slår fast: 'Hyggelig å høre at elveeierlaget ikke bare tenker profitt, men har vilje og evne til å gjøre elva enda bedre'.

Av Ola Matti Mathisen